

Buss-skur med god oversikt

22.10.2011



Rektor Vidar Haugland er no pensjonist, men han har framleis meiningsfylte oppgåver å fylla tida med. Ein av dei er å finne nede ved vegen oppover dalen. Der har han laga eit kombinert buss-skur og postkassestativ som er både elegant og solid.

Men det stoppar ikkje med det. Skuret er også ein epokegjerande nykonstruksjon. I eine veggen er det montert vindauge slik at ein kan sjå oppover om bussen kjem!

Vi vil anta at det er ein marknad for slike skur slik at pensjonisten no kan venta bestillingar....

Foto: Ola Matti Mathisen